

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjent før etter neste instituttrådsmøte, og merknader til referatet må meldast til [arve.uthaug@if.uib.no](mailto:arve.uthaug@if.uib.no) før neste møte.

Møtedato: 13. februar 2008

Til stades: Frå gruppe A: Ana Beatriz Chiquito, Margareth Hagen, Lillian Helle, Randi Koppen, Pernille Myrvold, Beatrice Sandberg, Margery Vibe Skagen  
Frå gruppe B: Camilla E. Skalle  
Frå gruppe C: Kristin T. Skogedal  
Frå gruppe D: Silje Drevdal, Harriet Strømmen, Antra Sunde, Anders Tangen  
Frå instituttleiinga møtte instituttleiar Leiv Egil Breivik og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug, begge utan røysterett. Undervisningsleiar Harald Ulland kom og orienterte om sak 6.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå 12. desember 2007**

Godkjent utan merknader

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. IF har 25 av om lag 125 søknader til dei 16 utlyste stipendiatstillingane ved Det humanistiske fakultetet. Det er sett ned ein komité med Randi Koppen (leiar), Harald Ulland, Åsta Haukås og Brita Bryn til å vurdere søknadene. Instituttleiar orienterte rådsmøtet om vurderingsprosedyren.
- B. IF har fått nasjonalt ansvar for å koordinere vurderinga av søknader om professoropprykk på engelsk og italiensk.
- C. Stipendiatane har etterlyst ein nasjonal forskarskule i litteratur. Det blir gitt eit eige avhandlingsseminar for stipendiatar innan litteratur og kultur, og det blir òg arbeidd vidare med planar om ein forskarskule i litteratur under den nasjonale forskarskule-paraplyen ”tekst, bilete, lyd og rom”
- D. Det blir arbeidd med å etablere eit nasjonalt nettverk for latinamerikaforskning i Noreg. Bergen er med og tevlar om sekretariatet for dette nettverket. I denne samanhengen opprettar òg Universitetet i Bergen to emne i portugisisk. Emna blir drivne i samarbeid mellom IF og SEVU, og første emnet startar opp hausten 2008.
- E. Breivik orienterte om at det blir diskutert om det er fakultetet eller institutta som skal tildela forskingsterminar i framtida. IF ønskjer at dette ansvaret vert lagt til instituttet.
- F. 7. mars er det sett opp ei instituttsamling for å drøfte forskingsstrategi og strategisk plan for IF.
- G. Like over påske blir det eit eige møte om forskargrupper for å oppmuntra til nydanning av slike grupper ved instituttet. Målsetjinga er at alle forskarar ved instituttet skal vera med i minst ei slik gruppe før 2008 over.

- H. Randi Koppen er ny representant for engelskfaget, gruppe A, i instituttrådet (Lene Johannessen er varakvinne). I tillegg er det kome to nye vararepresentantar frå gruppe D: Antra Sunde og Anders Tangen, som begge studerer på russisk.

#### **Sak 4 – retningsliner for forskingsutvalet ved instituttet**

Møtet konkluderte med at det ikkje var naturleg at studentane var representerte i forskingsutvalet, men at stipendiatane bør vera representerte som gruppe.

*Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek framlegget til retningsliner for forskingsutvalet ved instituttet, med følgjande justering i representasjonen (pkt 2 i retningslinene): studentane blir ikkje representerte i utvalet, derimot får stipendiatane ein representant.*

Hagen peikte på at kravet om at alle fast vitskapleg tilsette skal vera med i ei forskargruppe, må sjåast som ein premiss for vedtaket, slik at alle medlemene i gruppe A er representerte gjennom forskargruppene sine.

I møtet vart det òg stilt spørsmål om definisjonen av ei forskargruppe og grensegangen mellom forskargruppe og forskingsprosjekt.

#### **Sak 5 – orientering om budsjettet for 2008**

Uthaug orienterte om budsjettframlegget, og det vart opna for innspel og kommentarar.

Instituttleiar vil vurdera om det litt seinare på året kan setjast av meir midlar til forskingsføremål og publiseringssøtte. I så fall vil det bli ei ny utlysing ved instituttet. Uthaug streka under at det er viktig å søkja gjennom ulike kanalar som Meltzerfondet, Bergen universitetsfond og ikkje minst småforsk-potten. Breivik opplyste at instituttet til neste år vil leggja søknadsfristen for forskings- og publiseringssøtte etter Meltzerkunngjeriinga i starten av mars.

Hagen spurde om korleis instituttet ville bruka likestillingsmidlane ein har fått p.g.a. dei to professoropprykka (Lægreid og Skulstad). Bruken er ikkje fastsett enno, men instituttleiar meinte midlane kunne brukast t.d. til kvalifiseringsstipend til kvinnelege førsteamanuensar eller til ekstra forskningstermin til kvinner som har hatt krevjande administrative oppgåver. Hagen, som i prinsippet var skeptisk til ordninga med premieringsmidlar i etterkant, streka under at det var viktig at desse midlane ikkje gjekk inn i den ordinære drifta av instituttet. Ho syntest òg ordninga med kvalifiseringsstipend var ei fornuftig ordning å bruka pengar på.

#### **Sak 6 – orientering om arbeidet i undervisningsutvalet**

Undervisningsleiar Harald Ulland orienterte om arbeidet i Utvalet for undervisning og internasjonalisering, som vart oppretta i førre semesteret. Han gjorde greie for samansetjinga av utvalet, og orienterte om nokre av sakene som har vore oppe:

- nye fristar og retningsliner for endringar i emne- og studieplanar.
- omorganisering av bachelorgraden ved HF. Det er eit ønske om å markera faga tydelegare, og det ser ut til å bli færre opne program enn no. Åse Johnsen er IF sin representant i komiteen som arbeider med omorganiseringa av bachelorgraden.
- kontrakt og retningsliner for masterrettleiing. Her har ein drøfta både omfanget av rettleiinga (timetal) og ordninga for tildeling av rettleiar. På fakultetsnivå er det også ein komité som vurderer faktorane som skal leggjast til grunn for undervisningsrekneskapen ved institutta.

Beatrice Sandberg,  
leiar

Arve Kjell Uthaug, sekretær